

1. Introduser teamet og start med å sjå filmen [Barn på nett - YouTube](#)
2. Sjå på bilda og snakk saman i klassa – og varier med å gjere aktivitetane ved behov:



- Kva er kjekt å gjere å på på nett? (Få fram at det ikkje er viktig kva som er jente og gut på desse bilda)

Som aktivitet kan de eventuelt lage ei oversikt over alt elevane likar å gjere på nett no for tida. Eller elevane kan få skrive eller teikne noko dei likar å gjere på nett og fortelje om det.



- Kvifor er barnet lei seg her?
- Kva kan gi vonde følelsar på nett?



- Kva følelsar har dei ulike barna på bildet?
 - Kva trur de dei ulike ser på telefonen som gjer at dei har fått desse følelsane?
- Forslag til aktivitet: elevane kan teikne noko som kan vere skummelt på nettet, og de kan snakke om korleis det kan kjennes å oppleve slike ting.*



- Her snakkar guten med nokon på nett som han ikkje veit kven er. Kvifor er det skummelt?
- snakk om det som filmen nemner: at det er vaksne på nett som prøver å lure barn til å tru at dei er snille venner. Sei at nokre av desse etter kvart prøver å få barnet til å sende bilde av seg sjølv der dei ikkje har på klede, eller gjer ting som er flaut eller ekkelt (du må gjerne bruke ordet seksuelt).
- Korleis kan vi vere heilt sikre på at vi veit kven vi snakkar med på nett? (om vi kjenner dei på ekte og ser at det er dei – og høyrer at det er dei. Skriftlege meldingar kan vere frå andre)



- Denne jenta har opplevd noko på nett som gjer at ho ikkje har det bra no. Kva følelsar trur de ho har no? (Redd, trist, skamme seg, uroleg...)
- Kva kan ha skjedd som gjer at ho kjenner seg slik?



- På bildet ser vi ein gut som hentar hjelp fordi noko har skremt han. Dette må vi gjere også når noko er skremmande på nett!
- Kva kan vi gjere når vi opplever noko som er skummelt eller dumt på nett? (næraste vaksne er fint, men få fram at dei også kan snakke om det på skolen, eller med helsesjukepleiar. Nokre gongar bør den vaksne også snakke med politiet om det som har skjedd, slik at dei kan hjelpe.)



Sånn kan det sjå ut når eit barn ikkje får lov å spele lenger. Kor mange her har opplevd å bli sint på vaksne fordi de må slutte å halde på med ting på skjerm?


Dei vaksne skal passe på at barn ikkje brukar for mykje tid på nett. Men det er jammen ikkje alltid så lett.



- Kva skjer her da?

Nokre gongar er det dei vaksne som blir avhengige av skjermene sine. Det kan vere leit for barn å oppleve.

Forslag til aktivitet: Lage lister over kva som kan vere kjekt å gjere på saman med foreldre og familie der ein ikkje brukar skjerm. Kanskje kan lista sendast til foreldra som tips?



- Dette er ei rar teikning - kva skal den vise skal tru?

Nokon opplever å bli ganske avhengig av skjermaktivitet. Det kan kjennes som det å halde på med ting på ein skjerm er det einaste i livet som er gøy. Dei som lagar spill og sånn tener pengar på at vi menneska skal spille så lenge som mogleg, og så ofte som mogleg. Derfor er mykje på nett laga for å at vi ikkje skal greie å slutte med det.



- Kva skal til for at barn skal ha det trygt og godt på nettet?

Forslag til aktivitet: lag nettvettreglar / plakat med «slik har vi det bra på nett»

Denne bør innehalde både det barn kan gjere for å beskytte seg sjølv mot fare, og det dei kan gjere for å ikkje utsette andre for smerte.